



Arkivsak
26/11933-2
Sakshandsamar
Erik Damberg

Saksgang
Fylkesutvalg

Møtedato
10.06.2026

AS Torggaten 18 – innkalling ordinær generalforsamling 19.06.2026

Innstilling frå fylkesdirektøren

Fylkesutvalet tek innkallinga til ordinær generalforsamling i AS Torggaten 18, 19.06.2026 til orientering.

Fylkesutvalet sluttar seg til at fylkeskommunen sin representant på generalforsamlinga stemmer for godkjenning av årsrekneskapen for 2025 og disponering av årsresultatet i samsvar med styret sitt forslag.

Bakgrunn og saksgang

Telemark fylkeskommune er eineigar av AS Torggaten 18. Generalforsamlinga er selskapet sitt øvste organ og behandlar mellom anna årsrekneskap, disponering av resultat og andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga sitt ansvarsområde.

Fylkeskommunen har motteke innkalling til ordinær generalforsamling i AS Torggaten 18 med møtedato 19.06.2026. Saka vert lagd fram for politisk behandling som ledd i fylkeskommunen si eigaroppfølging og for å gi føringar til fylkeskommunen sin representant på generalforsamlinga. Innkallinga er godkjend av styret i møte 09.04.2026.

Saksopplysningar

Telemark fylkeskommune har motteke innkalling til ordinær generalforsamling i AS Torggaten 18 med møtedato 19.06.2026. Innkallinga er godkjend av styret i møte 09.04.2026.

Følgjande saker skal behandlast i generalforsamlinga:

- Godkjenning av årsrekneskap og orientering om revisjonsmelding
- Vedtak om disponering av overskot
- Fastsetjing av godtgjersle til styre og revisor (dersom aktuelt)
- Eventuelle andre saker som er melde inn til behandling

Årsrekneskapen for 2025 viser:

- driftsinntekter på 20,37 mill. kroner
- driftsresultat på 11,84 mill. kroner
- resultat før skatt på 2,72 mill. kroner
- årsresultat på 2,12 mill. kroner

Årsresultatet er føreslått overført til annen egenkapital. Samla egenkapital ved utgangen av året er 59,37 mill. kroner.

Revisor har gitt rein revisjonsmelding utan merknader og konkluderer med at årsrekneskapen gir eit rettvisebilde av den finansielle stillinga og resultatet til selskapet i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Telemark fylkeskommune eig 100 prosent av aksjane i selskapet.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka gjeld behandling av ordinære generalforsamlingssaker. Det er ikkje identifisert forhold som medfører vesentlege økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar for fylkeskommunen utover ordinær eigaroppfølging.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Saka har ingen direkte konsekvensar for fylket sine klimamål eller FNs bærekraftsmål.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at innkallinga omfattar ordinære saker til behandling i generalforsamlinga.

Årsrekneskapen viser positiv utvikling samanlikna med førre rekneskapsår, med auka årsresultat og styrkt egenkapital. Revisjonsmeldinga er utan merknader.

Det er ikkje føreslått endringar i styresamansetjing eller revisor. Fylkesdirektøren vurderer difor at det ikkje ligg føre forhold som gir grunnlag for nærare eigarmessige oppfølgingar eller merknader.

Vedlegg:

1. Innkalling til ordinær generalforsamling 19.06.2026
2. Årsrekneskap 2025
3. Revisjonsmelding 2025
4. Protokoll frå styremøte 09.04.2026